



BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN
SEPTEMBER 2019**



KOMMUNEHUSET Tlf 51 20 11 00

Opningstider:

Månd.-fredag kl 08.00-15.00

www.bjerkreim.kommune.no

DIM-RENOVASJON:

Returpant for glass og hermetikk finn du ved kommunehuset.

Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-18. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengt. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

BIBLIOTEKET Tlf 51 45 93 20

biblioteket@bjerkreim.kommune.no

Opningstider:

Måndag-tysdag-onsdag 15.00-19.00

Torsdag-fredag 12.00-15.30

Laurdag Stengt

FORSIDEFOTO: Bading i Kvitlen. Foto: Annette O. Nedrebø

NESTE NUMMER: Neste nummer

kjem ut seinast 2. okt. Stoff til

Bjerkreimsnytt må vere inne seinast

søndag 22.09 kl 24.00Skriv kort!

Legg gjerne med bilete, helst i eiga fil.

Innsendt stoff kan bli redigert. Send til:

postmottak@bjerkreim.kommune.no

UTGJEVAR: Bjerkreim kommune

KONTAKTPERSON: Ingunn Ognedal

TRYKKING: Jærprint

ANSVARLEG: Kulturkontoret

GRAFISK FORMGIVING:

Vikeså Design og Profilering

Kan lastast ned frå

www.bjerkreim.kommune.no

Vikeså taxi:
51 45 19 00



ORDFØRAREN SITT HJØRNE

GODE BJERKREIMBUAR

Så var nok ein sommar over. Det er ein viss sjarm med alle årstider, men sommaren kunne godt ha vore litt lenger, etter mi meining. Vi går ein spennande haust i møte, etter at eg har skrevet dette har den nye Bjerkreimshallen opna. Det er ikkje å ta hardt i å seia at den blei fantastisk flott, det er faktisk ikkje mange idrettshallar i landet som kan konkurrere. Når me i tillegg ser på heile området rundt med grasbanen med den flotte løpebanen rundt, kunstgrasbanen og rulleskiløypa, så vil eg sjå den kommunen der innbyggjarane har eit betre tilbod. Vi skal være stolte av det vi saman har fått til. Nå må vi bare bruke anlegga mest mulig, og ta godt vare på dei. Så vil eg minna om at det nå er mange små som kvar dag er på veg til og frå skule og barnehage, vis hensyn til dei. Til alle foreldre: tenk på kor viktig det er å utstyre alle med refleks, det skader heller ikkje å gå foran som eit godt eksempel. Vi har ikkje råd til at nokon blir skada. Til alle som har stemmerett, det er val til nytt kommunestyre og fylkesting 9. september, eg er sikker på at alle har fått det med seg, men det er viktig å bruka stemmeseddelen. Dersom man ikkje stemmer har ein i grunnen ingen grunn/rett til å «klage». Må bare i denne samanheng koma med eit lite hjertesukk, skil mellom sak og person, når ein diskuterer. Sjølv om de er heilt ueinige om ei sak, så kan personen være ein «kjernekar» i alle andre samanhengar.

Ha eit riktig godt val alle saman.

Tolvem



POLITISKE MØTE SEPTEMBER

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider: www.bjerkreim.kommune.no

NB! Partia har gruppemøte måndag 23. sept. kl 19.00

KOMMUNESTYRE: Tysdag 3. sept. kl. 19.00

KONTROLLUTVAL: Måndag 16. sept. kl 16.00

FORMANNSKAP: Tysdag 24. sept. kl. 16.00

TILTAKSSTØNAD OG STØNAD TIL ÅRLEGE ARRANGEMENT

Lag og organisasjonar kan søkje stønad til kurs, arrangement, større innkjøp mm. Elektronisk søknadsskjema finn du på kommunen si heimeside under Skjema, Kultur og fritid. Frist 10. september!



NAV BJERKREIM

Åpningstid:
måndag, onsdag, fredag
kl. 12.00 – 14.00

REINHOLDAR VIKESÅ SKULE

Ledig stilling som reinhaldar i 75 % stilling.
Sjå kommunen si nettsida under Ledige stillingar.
Sak 366/2019 – Søknadsfrist: 13.09.19



VAL

Kommunestyre- og fylkestingsvalet
måndag 9. september 2019

Opningstidene på valdagen

Bjerkreim bedehus

kl. 10.00 – 20.00

Bjerkreim kommunehus

kl. 10.00 – 21.00 på

Husk å ta med legitimasjon og helst også valkort!

Sjå juni nr. av Bjerkreimsnytt for info om godkjende vallister, kven som har stemmerett, kvar du kan sjekka manntalet m.m. Eller sjå nettsida til kommunen, under politikk og val, eller søk opp www.valg.no.

Vil du stemma på førehand?

Du kan førehandsstemma i serviceavdelinga på kommunehuset i

kontortida (kl. 08.00 – 15.00) til og med fredag 6. september.

Ved behov kan det avtalast tid utanom kontortida (tlf. 51201100). Husk å ta med legitimasjon og helst også valkort!

Ta kontakt med kommunen innan 3. september kl. 15.00 dersom du ønskjer å stemma heime, tlf. 51201100.

På Ørsdalen grendahus vil det bli høve til å førehandsstemma onsdag 4. september kl. 13.00 – 15.00.

På Bjerkreim omsorgsenter vil det bli høve til å førehandsstemma torsdag 5. september kl. 13.00 – 15.00.



SVØMMEKURS

Det blir arrangert svømmekurs fra 18. oktober til 13. desember på fredager, 8 kurskvelder:

14.00 – 14.45: Videregående 1
14.45 – 15.30: Videregående 2
15.30 – 16.15: Grunnkurs (fra 5 år)
16.15 – 17.00: Småbarn (fra 3 år)
17.00 – 17.45: Grunnkurs (fra 5 år)
17.45 – 18.30: Videregående 1
Påmelding frå 4. sept. til 4. okt.

Elektronisk søknadsskjema finn du på kommunen si heimeside under Skjema, Kultur og fritid.

MINNER OM KOR VIKTIG DET ER AT ALLE LÆRER Å SYMJA!

BADEVAKTER

Vi treng gode badevakter/assistentar til offentlig symjing og symjekurs frå etter haustferien til påske. Sjå kommunen si nettsida under Ledige stillingar.

Søknadsfrist er 13.09.18.

Ref. nr. 365/2019



NY HELSESYKEPLEIER

Kjellaug Torstensen begynte i juni 2019 som helsesykepleier på helsestasjonen. Hun blir først og fremst å treffe som helsesykepleier på begge skolene.



Circle of Security
INTERNATIONAL
Early Intervention Program for Parents & Children

GRATIS KURSTILBUD TIL FORELDRE

Helsestasjonen tilbyr gruppebasert foreldreveiledning gjennom COS-Parenting. COS-P kurset ønsker å gi foreldre en grunnleggende forståelse av barns behov for trygghet, og å gi dem verktøy for å kunne møte barnas behov. Tilbudet er gratis, mer info om cos-p på www.circleofsecurityinternational.com eller www.folkom.no

Målgruppe: Foreldre med barn i alderen 0-15 år

Omfang: En samling på ca 1 ½ time pr uke i 8 uker

Tid og sted: Onsdager kl. 19.30-21 på helsestasjonen

Oppstart: Onsdag 18. september 2019

Påmeldingsfrist: 13. september.

For mer info eller påmelding kontakt: Grethe Berntsen, tlf.: 51 20 11 58

grethe.berntsen@bjerkreim.kommune.no

Elin Ramsland Friestad, tlf. 404 44 920

elin-ramsland.friestad@bjerkreim.kommune.no

KULTURPRIS

Kven bør få Bjerkreim kommune sin kulturpris i år? Kom med forslag og grunngjeving på kandidat før 1. okt. Sendes postmottak@bjerkreim.kommune.no eller til Bjerkreim kommune, postboks 17, 4389 Vikeså.

SPILEMIDLER 2020

Du kan fra 1. sept. søke om spillemidler for 2020. For mer info om hvem som kan søke, og hvordan, se: www.anleggsregisteret.no

Har du spørsmål, kontakt kulturkontoret på tlf. 98880147



BJERKREIM HELSELAG

BINGO

kvar 2. onsdag i månaden i Børgestova
kl 13.30.

UTLEIGE AV DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar.
Ta kontakt med Ingbjörg Vassbø,
tlf 51 45 22 37, mob 486 03 535.

HAR DU PROBLEM MED HØYREAPPARATA?

Vi sel batteri og kan elles gje råd
og rettleiing om du treng det. Siste
onsdagen i månaden (ikkje juli og des.)
er vi å finne i kantina i 1. etasje på
sjukeheimen frå kl 14.00 – 15.00

Marit og Toril (likemenn HLF)



MARKNADSDAG PÅ KLØGETVEDTTUNET

SØNDAG 1. SEPT. KL 13.00 – 16.00

Bakervarer fra Stavtjørn Fjellstove,
Han med Hatten foto, barneklær,
dokkeklær, egg fra Vikeså Gaard,
fotoutstilling, geiteprodukter, planter
fra Bjerkreim Hagelag, brukskunst,
skinn, naturlig lin, kosedyr, frukt fra
Gjedrem, pølsegrilling, matsalg av
Bjerkreim Bygdekvinneag, dyr fra
Bjerkreim Bondelag, salg av kaker, kaffe
og lapper på kjøkkenet, smed i smia,
aktiviteter for barn, guiding på tunet,
og enda mer.....

Kom og opplev ekte, gammeldags
marknadsstemning! Passer for alle,
gratis adgang!

Dersom du har lyst å delta med salg
av egne hjemmelagede produkter
(også små kvanta!), ta kontakt med
kulturkontor på tlf 988 80 147.

KULTURMINNEMIDLER

Bjerkreim kommune skal hvert år dele
ut kr 30 000,- i kulturminnemidler.
Pengene skal fortrinnsvis gå til
vedlikehold av bygninger som er
nevnte i kulturminneplanen. Midlene
blir utdelt av levikårsutvalget. Pengene
kan bli fordelt mellom flere søkere.
Skriftlig søknad med detaljert plan
og kostnadsversikt må sendes innen
1.okt. Bruk gjerne: [postmottak@
bjerkreim.kommune.no](mailto:postmottak@bjerkreim.kommune.no)

INNSATSPREMIAR

Innsatspremiar kan bli delt ut innan
desse kulturområda:

1. Idrett og sport
2. Song, musikk og dans
3. Andre kulturgreiner


Kriterie:

1. vera blant dei tre beste i NM
2. gjort seg bemerkta i nordisk eller
internasjonal samanheng
3. bli vurdert av levikårsutvalet
til å ha gjort ein sær s framifrå
prestasjon innan sitt kulturfelt

I tillegg må utøvar ha folkeregistrert
bustadsadresse i Bjerkreim.
Kom med forslag på kandidatar innan
1.okt. til [postmottak@
bjerkreim.kommune.no](mailto:postmottak@bjerkreim.kommune.no)

ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør. Godt kledd. Godt miljø.
Vanlegvis kvar 1. onsdag
i månaden. Avreise kl.
10.00 frå Esso, oppmøte
litt før.
4. sept. går turen til
Ivesdal - Dalen.



*Arr. Fellesrådet for eldre og
funksjonshemma*

LEIE AV SAMFUNNSHUSET

Vi leier ut lokaler til konfirmasjon i
2020. Du kan enten leie den lille eller
den store salen, eller lokalet i første
etasje (Lions) om dere er få gjester.
Se vår facebookside.
Kontakt tlf 959 37 610.

BJERKREIMS-QUIZEN

Onsdag 18. september kl. 19.30 på
Vikeså veiservice. Quizmaster: Tom
Fjermedal. Startkontingent kr. 20,-
pr.pers. Firemannslag. Kom gjerne
åleine, så set me saman lag!

FRILUFTSKVELD MED ØRSDØLEN

Friluftskveld onsdag 11. sept. sammen
med Ørdsdølen venneforening. Avgang
kl. 17.30 fra Odlandstø. Retur ca. kl.
19.00. Villmarkssuppe i Landsdal. Alle er
velkomne og det er gratis!

Arr. Dalane Friluftsråd

JILLE FREDAG

Til deg som går fra 7.klasse og oppover:
Velkommen til Jille Fredag på Vikeså
skole mellom kl. 20.00-23.30.
Det blir bl.a spill, prating, kiosk og
musikk.
Høstens datoer:
13.9
27.9
25.10
8.11
22.11
6.12
20.12
Sjekk facebooksidan vår "Jille Fredag"
for mer info.

BJERKREIM GLAD-DANS

startar opp 2. september kl. 17.00
i kulturbanken på Vikeså.
Kom og prøv, både du med og utan
erfaring. Alle er velkomne! (Ev. spm. til
Synnøve Fuglestad, mob. 971 47 968)

PENSJONISTLAGET – GILDT SAMVÆRE !

Torsdag 19. sept. kl. 14.00 – 17.00.
Stad: Litlesalen, samfunnshuset.
Underholdning: Arnulf Fuglestad og Jon
Sjursen trekkspel, Nicolas M. Albretsen
fele, Astrid Nordås song.
Lloyd Vaule fortel om firmaet sitt frå
starten og fram til i dag.
Alle er hjarteleg velkomne!
Takk til SR-bank for sponning av husleige.
Styret

KULTURHISTORISK VANDRING

Tid: Søndag 15. sept. kl. 13.00.
Frammøte: Bjørn Tore Birkeland.
Turleiar: Ola Birkeland. To rundturar:
«Hammaren rundt» og «Skogatjørna
rundt». Ved rusketevev tek vi matpausen
på låven mellom rundane. Delar av turen
går gjennom utmark, men ein kan velja å
«stå over» den mest utfordrande delen.
Kulturhistorisk vandring, men og med
innslag av geologi og botanikk. Vel møtt!
Arr: Dalane mållag

MANNEKENG-TUR

Sett av datoen 23. oktober.
Bjerkreim Bygdekvinne lag inviterer til ny mannekengtur til Nærbø.
Mer informasjon kommer i oktoberbladet.

Bjerkreim Bygdekvinne lag



ELDREFESTEN 2019

Du er herved invitert til Eldrefesten onsdag 16.10. kl. 18.00 på Bjerkreim Samfunnshus
Tidlegare ambassadør Øyvind Nordsletten, vil mangt anna fortelja om livet i Moskva.
Trekkspelemusikk med Jørgen Sagevik, som og les frå Jakob Sande. Ordførar, rådmann og presten deltek.
Varmrett, dessert og kaffi høyrer med på hyggekveld.
Inngangspenger kr. 150,- Vel møtt!
Påmelding innan 14.10. til Tom Fjermedal kl. 10.00-14.00 tlf. 5120 1100 eller e-post: tom.fjermedal@bjerkreim.kommune.no

Arr: Fellesrådet

KONSERT PÅ PITTERGARDEN

Fredag 20. sept kl 20.00
Bandet Cirrus spiller. Velkommen til en spennende konsert. Mer info på Klangfeel si Facebookside.
Dørene og baren åpner kl. 19.30

Arr MK Klangfeel

VIKESÅ KORVETT

Høstsemesteret starter mandag 2. september for gutter på 2. - 4. trinn.

Vikeså misjonshus kl. 19.00-20.15.
Kalender; <http://misjonshus.no>

BASARDAG

Bjerkreim bedehus laurdag 14. sept. kl. 12.00.
Kafé med sal av risengraut, pølser i brød og kaffimat frå kl. 12.00. Rullelappar.
Familiemøte kl. 13.30.
Andakt av Kåre Vølstad.
Song av Ellinor, Hilde og Renate Moi.
Barnebok, åresal, hovudtrekking.
Alle er velkomne!

Arr. Bjerkreim Normisjon

ÅPNINGSFEST

på Vikeså Misjonshus
Søndag 8. sept. kl. 17.00
Andakt: Børge Vassbø
Song: Vikeså SoulKids
Informasjon om aktiviteter på huset.
Ta med eit fat med mat.
Alle er velkomne, og spesielt du som er nyinnflytta i bygda, eller som er nysgjerrig på kva som foregår på Misjonshuset.

KRISTEN MUSLIMMISJON

Fungerande generalsekretær Eivind Flå talar på desse møta:
Tysdag 24.09.: Espeland forsamlingshus
Onsdag 25.09.: Eikeland grendahus
Torsdag 26.09.: Bjerkreim bedehus - song av Kari-Synnøve Aasland Sundal
Fredag 27.09.: Vikeså misjonshus – song og musikk v/ Arild Thorsen og Christoffer Songe
Lørdag 28.09.: Ognedal bedehus
Alle møta byrjar kl. 19.30
Misjonsinformasjon og kollekt
Alle er hjarteleg velkomne!

Syng med oss!

vikeså soul  kids

Soul Kids (1. - 4. klasse) øver torsdagar 17.00-18.00 på Vikeså Misjonshus.

vikeså soul  children

Soul Children (5. klasse og oppover) øver torsdagar 16.45-18.00 i Kulturbanken.

Nye og gamle medlemmer er velkomne!

Det er kjekt å synga!

VIKESÅ MISJONSHUS

www.misjonshus.no

02. kl. 09.30 Knerten
02. kl. 19.00 Yngres og Korvetten
03. kl. 19.30 Tirsdagsmøte
04. kl. 20.00 Bønnesamvær
08. kl. 17.00 Åpningsfesten Misjonshuset
09. kl. 09.30 Knerten
15. kl. 10.00 Søndagssamling m/ søndagsskule
16. kl. 09.30 Knerten
16. kl. 19.00 Yngres og Korvetten
17. kl. 19.30 Bibeltime NLM
20. og 22. kl. 19.30 Misjonshelg NLM
20. kl. 21.30 Fredagsklubben startar opp
23. kl. 09.30 Knerten
27. kl. 19.30 Møte Kristen Muslimmisjon
30. kl. 09.30 Knerten
30. kl. 19.00 Yngres og korvetten

BJERKREIM BEDEHUS

www.bjerkreimbedehus.no
1. kl. 11.00 Endelig søndag, NLM, med søndagsskule kl. 11.15
3. kl. 19.30 Bibelundervisning, NLM
7.-8. kl. 19.30 Møter Flymisjonen
9. kl. 19.30 Yngres (på loftet)
13. kl. 21.00 Fredagstreff
14. kl. 12.00 Basar Normisjon
16. kl. 19.00 Gutte- og jentelaget
17.-19. kl. 19.30 Møter Samemisjonen
23. kl. 19.30 Yngres (kjellaren)
27. kl. 19.30 Møte Imf
27. kl. 21.00 Fredagstreff
28. kl. 18.00 Lørdagskveld, Imf, med kveldsmat og barnesamling
29. kl. 11.00 Endelig søndag, Imf, med søndagsskule kl. 11.15
30. kl. 19.00 Gutte- og jentelaget

LEIGE AV

BJERKREIM BEDEHUS

Konfirmasjon 2020.
Selskap på ca. 40 personar passar godt i kjellaretg. Ved fleire gjester passar hovudetg best. Interesserte kan ta kontakt med Anne Slettebø, tlf. 99494785 / e-post: bjerkreimbedehus@gmail.com



Kva skjer i kyrkja og på bedehusa?

Last ned

Infoskjermen GO

bruk kode:

bj-kyrkja
bj-misjonshus
bj-bdhus
(gjeme alle tre)





VELKOMEN TIL GUDSTJENESTE

01. september kl. 11.00.

Familiegudsteneste i Ivesdal kapell.
Predikant: Ragnvald Leif Immerstein.
Takkoffer: NMS. Utdeling av 6- års bøker.
Kyrkjekaffe

08. september kl. 11.00.

Gospelmesse i Bjerkreim kyrkje.
Presentasjon av konfirmantane. Takkoffer:
konfirmantarbeidet. Kyrkjekaffe

15. september

IKKJE gudsteneste i soknet

22. september kl. 11.00.

Sundagsskulens dag og
familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje.
Utdeling av 4-års boka: Fest på slottet.
Takkoffer: Bjerkreim sundagsskulelag.
Kyrkjekaffe

29. september kl. 10.30.

Markensgudsteneste i Lillesalen på
Samfunnshuset

DØYPTE

09.06.19 Marie Vik
09.06.19 Luca Oftedal Reed
22.06.19 Liam Svela Karakurt
22.06.19 Hanna Espeland
18.08.19 Ida Sollid Lien

VIGDE

08.06.19 Elin Carlsen og Kjetil Haus
15.06.19 Hege Tengedal Ommundsen
og Edvard Mydland
15.06.19 Maria Røysland og Ole-Vinjar
Egeland
22.06.19 Else Carlsen og Kristian
Landrud Borten
29.06.19 Ida Aurora Svela og Fredrik
Benjaminsen

DØDE

27.05.19 Gaute Skretting
14.06.19 Sigrid Maria Hegelstad
21.07.19 Jostein Slettebø
23.07.19 Solveig Egeland
29.07.19 Gunnhild Arna Karlsen
08.08.19 Tormod Espedal
17.08.19 Valborg Apeland

Fri

Joh 8, 31-36 handlar om fri og ufri vilje. For er vi frie? Verkeleg frie? Kva eller kven bestemmer egentlig kva me gjer? Kva påverkar oss? Og kor stor makt har «andre» over oss?

Reklamebransjen er i alle fall klar over deira makt over oss. Dei tener milliardar på å drive med sitt. Einaste grunnen til at dei gjer det er at dei veit dei har mykje makt over oss. Kanskje ikkje i alt me gjer, men mykje.

På same måte: I det siste har eg lest nokre artiklar om korleis Facebook og andre sosiale mediar gjer oss avhengige av dei – sånn at det er vanskelig å leggje skjermen frå oss. Mange spill er på same måte, ja, alt som er avhengighetsskapande. Også synden.

Jesus sa: «kvar den som gjer synd, er slave under synda» og «Får Sonen gjort dykk frie, blir de verkeleg frie.»

Det er ikkje gøy å innrømme at ein er ein syndar. Ja, eg er ikkje noko unntak. Eg er ikkje fri frå synda. Men første steg på vegen til fridom er å innrømme nettopp kven eg er. Gud, vær meg syndar nådig. Gjer meg fri.

Soknepresten

KYRKJEVALET 9. SEPTEMBER

Det skal veljast 8 medl. og 5 varamedl. til soknerådet og 7 leke medlemmar til bispedømmerrådet/Kyrkjemøtet.

Alle medlemmar av DnK som er over 15 år eller som fyller 15 år i 2019, kan stemma.

Valkort: Har du ikkje motteke valkort og er medlem i kyrkja, må du kontakta kyrkjekontoret omgåande. Medlemskap i kyrkja kan kontrollert i det kyrkjelege manntalet på kyrkjekontoret fram til 2. september.

Førehandsrøysting på kyrkjekontoret fram til 6. september.
Tys- og torsdagar kl. 09.00 – 14.00.
Du kan avtala anna tidspunkt på tlf. 51201198.

Veljarar som på grunn og sjukdom eller uførleik ikkje kan røysta i vallokale eller på kyrkjekontoret, kan søkja valstyret om å røysta der dei oppheld seg (ambulerande røysting). Søknad må vera kyrkjekontoret i hende innan 03.09.2019 kl. 15.00.

Opningstider valdagen:

Bjerkreim valkrins: Bjerkreim bedehus, kjellaretg., kl. 10.00 – 20.00.
Vikeså valkrins: Bjerkreim kyrkjekontor kl. 10.00 – 21.00.

Meir info om kyrkjevalet på bjerkreimkyrkja.no og kyrkjevalet.no
Godt val!

SOKNERÅDSMØTER

Tysdag 17. september kl. 19.30 og
onsdag 23. oktober kl. 19.00. Møta er på kyrkjekontoret og er opne for alle interesserte.

T2 STUDENTAR FRÅ BILDØY BIBELSKOLE.

Velkommen til Bjerkreim Kristina og Ragnhild! 19.august starta Kristina Ødegård frå Ålesund og Ragnhild Olsen frå Kvitsøy teneste for barn og unge i Bjerkreim. Dei skal vera her fram til mai 2020. Studentane skal vera med i arbeidet i kyrkja og det arbeidet dei frivillige laga driv. Begge er 20 år og har gått 1 år på Bildøy Bibelskole. Dei ønskjer å fortsetja 2. året som for ein stor del er praksis (T2-studentar). ImF Rogaland har laga eit opplegg for dei som tilfredsstiller krava i læreplanen. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Bjerkreim bedehus, Vikeså misjonshus og kyrkja. Ta vel imot Ragnhild og Kristina!

UTDELING AV 6- ÅRSBØKER ved skulestart!

Alle 6-åringar (født 2013) er velkomne til å få bok av kyrkja på familiegudstenesta den 1. september i Ivesdal kapell. Informasjon i posten etter kyrkja sitt medlemsregister kjem to veker i førevegen. Ta gjerne kontakt med oss dersom de ikkje får invitasjonen i posten.

UTDELING AV 4-ÅRS BOKA:

Fest på slottet
Alle 4-åringar (født 2015) er velkomne til å få bok på familiegudstenesta 22. september i Bjerkreim kyrkje. Informasjon i posten etter kyrkja sitt medlemsregister kjem to veker i førevegen. Ta gjerne kontakt med oss dersom de ikkje får invitasjonen i posten.

VIKTIG MELDING OM REGIONALT

MILJØTILSKOTT, RMP (med søknadsfrist 15.10.19)

Me vil informera alle søkjarar om at det dette året dessverre ikkje vil vera mogleg å importere inn kartdata frå tidlegare søknadar.

Absolutt alle tiltak må derfor teiknast inn på kartet på nytt !!!

Manglande import av kartdata, gjer at jobben med å søkja tek ekstra tid i år. Me har forsøkt å endra dette, men utan å lykkast så langt.

Bakgrunnen er mellom anna:

- Miljøprogrammet er nytt, noen tiltak er tatt ut, og nye kome til.
- Ved import kan ein ikkje gje beskjed om endringar i tiltakstypar, noko som kan gje mangelfull søknad.
- Det er teke i bruk nytt og forbedra brattarealkart, med betre høydadata. Dette kan gje endringar.
- Fylker som slås saman frå 2020, har laget felles rmp-program. Dette ville ført til feil ved import.

Dette er svært beklagelig, men det er bare å brette opp ermene å gjøre det beste utav det. Start derfor å søkja RMP-tilskott så snart som mogleg. Me vil gje deg ein steg for steg veiledning nedanom, og i tillegg kan me justera i søknaden etter de har sendt den. Men me kan sjølvsagt ikkje garantera at me retter opp i alle feil.

NB! Det er mulig å levere søknad på papirskjema !

Kva er nytt i regelverket:

- Tilskottet til organisert beitebruk, gis til dyr slepte i heia for beitelaget og ikkje sankt dyr.
- Det er ikkje lenger krav om skjøtselplan for kystlynghei, og ordninga er utvida til også å gjelde c- områder. Kystlyngheia må sjølvsagt skjøttas fornuftig med beiting og eventuell brennast.
- Skjøtsel til styvingstre, blir bare gitt året treet blir styva og ikkje årlig.
- Stølsvegar er ikkje lenger ein del av tilskottsordninga «vedlikehald av turstiar i jordbrukslandskapet»
- Det blir gitt tilskott til pollinerande insekt og tilrettelegging for vipe.

Meir info: <https://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Landbruk-og-mat/Miljotiltak/Tilskott-til-miljotiltak/>

Korleis søkja, steg for steg

(fyll opp ein stor kopp kaffi først av alt):

1. Gå inn www.landbruksdirektoratet.no og klikk på jordbruk under digitale tenester, og finn RMP

2. Trykk så start teneste i blå boks, og logg inn med din innloggingsmetode.
3. **Velg firmaet ditt** (ikkje personen)som aktør, og klikk fortsett. Trykk så «søk regionalt miljøtilskott» i blå boks, og trykk deretter opprett søknad.
4. Då e me i gang, sjekk at alt er ok med grunnopplysningar. Trykk neste.
5. Nå starter du med å trykke på tegn i kart. Du får så opp vindu for å legge inn eigedom med GBNR. Når du har lagt inn Gårds- og bruksnummer, trykker du legg til. Legg inn alle eigedommar du disponerer, ein og ein.
6. Når du har gjort dette trykker du til kart. Du kan nå starte og legg inn tiltak for kvar enkelt eigedom.
7. **Bratt areal**, velg drift av bratt areal under menyen for tiltak. Trykk tegn i kart. Klikk rundt, gjerne godt rundt, heile eigdommen og avslutt med å dobbeltklikke til slutt og trykk lagre tiltak. Bratt areal er nå markert. Gå vidare til neste eigedom og gjør likt.
8. **Turstiar**, finn aktuell eigedom, velg tiltak vedlikehald av turstiar i jordbrukslandskapet. Klikk tegn i kart og start å legge inn den delen av turstien som går langs, dyrka jord og innmarksbeite. Kan være god hjelp å trykke på « - teiknet i øvre venstre hjørne og få fram kartdata. Legg på flybilde og AR5, for å hjelpe deg. Dobbeltklikk når stien er teikna inn, kan vera mange små strekk. Velg tilrettelegging og lagre tiltak. Høg tilrettelegging innanfor 3 kilometer frå tettbygd område og låg for resten. Trykk så lagre tiltak.
9. Forminner, velg tiltak «skjøtsel av automatisk freda kulturminner» Tegn rundt og klikk lagre tiltak.
10. **Kystlynghei**, velg tiltak «beiting av kystlynghei» og teikn rundt området du beiter av kystlynghei, dobbeltklikk og lagre tiltaket.
11. Når alle tiltak er kartfesta, så trykker du på knappen tilbake til skjema. Deretter trykker du på blå knapp, Hent tegnede tiltak. Det du har kartfesta kjem nå i rett søknadsrubrikk. Legg inn dyr som har beita i kystlyngheia.
12. Gå så til arkfane, Eggenerklæring og huk av for gjødselplan og journal over plantevernmidler, dersom du har dette i orden. Husdyrgjødsel er ikkje relevant i Bjerkreim Kommune.
13. Last opp vedlegg eller skriv melding til sakshandsamar, dersom det er noe du ønskjer å meddele oss.
14. Trykk kontroller, dersom det er feil må du rette desse. Er alt ok, så send inn søknaden.

Er du i tvil om noko så kontakt oss på landbrukskontoret. Svein Olav 51201173/99021019, Kjell 51201172 og Gerd 51201170. Ikkje utsett denne jobben, og me kan hjelpe deg om du kjem tidleg. **Ta med bankid !** Papirskjema finn du under linken hjå Fylkesmannen. Lykke til !

INFORMASJON



Befaring og tilbud: 954 27 311

PITTERGARDEN VIKESÅ

☎ 415 14 836, 481 81 804

Ull produkter, håndverk

Lokaler med særpreg:

Årmålsdager, events, konserter.

Inn på Tunet "Trygg med hest", for barn

Arkitekter MNAL, NIL. www.arkaarberg.no. Tlf 481 81 804





ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

Gitar og Handverk DA

*Vi leverer blomsterdekor på bestilling,
gitarreparasjoner og rekvisitasalg.*

Heiavegen 70, 4389 Vikeså Telefon 900 18 689/952 37 450
www.gitaroghandverk.no
e-post: gitar-handverk@hesbynett.no

Kraftverket treningssenter

PRØV SPINNING

- mandag, tirsdag og torsdag.
Fredag kl 06:00 med Øyvind

www.kraftverket-as.no



**coop
extra**



COOP EXTRA VIKESÅ
MAN-FRE 07.00-22.00 LØR 08.00-21.00

COOP BYGGMIX/LANDBRUK
MAN-FRE 08.00-18.00 LØR 09.00-16.00

COOP MARKED BJERKREIM
MAN-FRE 08.30-20.00 LØR 08.30-18.00



Telefon 51 49 13 04

**VELKOMMEN TIL
NY OG MODERNE KLINIKK
I OKTOBER! FORTSATT ÅPENT
MENS VI BYGGER OM.**

Heste- og stordyrpraksis: Tore Malmei 900 59 222
Maren Ommundsen Tuen 958 99 462
Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså
Tlf. 95141920



*Kiropraktisk behandling av dyr
Kastrering og sterilisering
Kirurgi
Digital røntgen
ID-merking
Vaksinerings
Tannbehandling*

Vikeså veterinærkontor
Vakt telefon alle dyr
Tlf. 51 45 21 65

ÅPENT TIL 23.00 HVER DAG



**VIKESÅ
VEISERVICE AS**

4389 VIKESÅ – Tlf: 51 45 97 00

- Kafé
- Turistinformasjon
- Fiskekort m.m.

VELKOMMEN INNOM!